

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: , Telefonrunde
Dato: 18.10.2013
Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. xxxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
20/2013	Reinheimen nasjonalaprk - dispensasjon - Landing/lavtflyging - sauleiting - Ulvådalen sausankelag		
PS			2013/6883

Arkivsaksnr: 2013/6883-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 18.10.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	20/2013	18.10.2013

Reinheimen nasjonalaprk - dispensasjon - Landing/lavtflyging - sauleiting - Ulvådalen sausankelag

Forvaltar si innstilling

På telefon med 2 av 3 medlemar i AU (Per Magnus Berdal; Rannveig Brennhaug):
«Ulvådalen sauesankelag får dispensasjon får bruk av helikopter til sauleiting i Veltdalen 21.10.13 evt. annan dag pga verforhold, jf e-post i dag, 18.10.13. Jf naturmangfaldlova § 48.»

Saksopplysningar

Ulvådalen sausankelag v. Atle Jack Bakken har 18.10.13 søkt om følgjande:
«Søknad om løyve til landing eventuelt lavtflyging med helikopter i Reinheimen Nasjonalpark.

Ulvådalen sausankelag i Rauma har fått melding om 1 sau som er oppservert i området mellom Veltdalsegga og Veltdalshytta..

Vi må bruke helikopter til transport av folk for avliving av sauen eller ein bergingsaksjon dersom der er fleire dyr.

Vi søker med dette om landingstillatelse eventuelt lavtflyging til dette formålet.

Dersom det vert gjeve løyve skal oppdraget utførast 21.oktober eller ved godt flyvær.»

Vurdering

Søknad krev dispensasjon frå verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, jf. naturmangfaldlova § 48.

Det oppsto ein akutt situasjon med observasjon av sau i Veltdalen, samt at sausankelaget kunne dra nytte av ei allereie planlagd helikopterflyging for Tafjord Kraftproduksjon AS.

Forvaltaren la følgjande til grunn:

Beite er ikkje regulert av verneforskrifta

Dyreeigar er gjennom anna lovverk pålagd å ta vare på dyra sine

Bruk av helikopter vil i dette tilfelle ha få eller ingen konsekvensar jf. naturmangfaldlova §§ 8-12.